



## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 13.03.2018  
**Møtestad:** Rådhuset  
**Møtetid:** 15.30 - 16.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Morten Stokke		Utvalsleiar
Thea Risøy		Nestleiar
Cathrine Høgquist		Medlem
Julian Gjesdal Nesse		Medlem
Thomas Vågenes		Medlem
Rolf-Thorarinn Heum		Medlem
Konstancja Parafianowicz		Medlem
Benedicte Hopsdal		Medlem
Vilde Tenfjord		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tobias Frette		Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Robert Lorang Hansen

---

**Følgjande frå ungdommens fylkesutvalg møtte:**

Marius Hindenes

### Sakliste

Saknr	Tittel
009/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/18	Godkjenning av møteprotokoll
011/18	Temamøte våren 2018
012/18	Fellesungdomsråd Alver kommune
013/18	Ferietilbod Lindås kommune sommer 2018
014/18	Ny ungdomsklubb Alversund
015/18	Ny hall Ostereidet

## **009/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

**13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 009/18 VEDTAK:**

Godkjent

---

## **010/18: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

**13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 010/18 VEDTAK:**

Godkjent

---

## **011/18: Temamøte våren 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Ungdomsrådet veljar 3 representantar til å delta på temamøta.

.....

**13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

**UR - 011/18 VEDTAK:**

.....

Morten Stokke, Thea Risøy og Cathrine Høgquist deltar på temamøta for ungdomsrådet.

.....

---

**012/18: Fellesungdomsråd Alver kommune**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Ungdomsrådet veljar 3 representantar som deltar i førebuaende ungdomsråd for Alver kommune

.....

**13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

Sidan neste skuleår vert siste med Lindås ungdomsråd, så ynskjer ungdomsrådet å skapa kontinuitet. Ved å tilby noverande representantar å sitja i neste periode dersom dei ynskjer, i tillegg til at det rekruterer inn nye medlemmar. Forslaget vil difor auka den totalte mengda representantar. Ungdomsrådet vil fremja sak til politisk handsaming før sommaren for å få dette avklart.

**UR - 012/18 VEDTAK:**

Morten Stokke, Thea Risøy og Cathrine Høgquist stiller frå Ungdomsrådet.  
Ungdomsrådet ynskjer at dei som stiller som representantar her òg sit i Lindås ungdomsråd 2018-2019  
.  
Ungdomsrådet fremjar politisk sak om samansetting, mengd representantar, for perioden 2018-2019.

---

## **013/18: Ferietilbod Lindås kommune sommer 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Ungdomsrådet deltar på planleggingsmøte

.....

#### **13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

Ungdomsrådet ynskjer veldig gjerne å bidra med innspill til aktivitetar/turar.

#### **UR - 013/18 VEDTAK:**

Ungdomskoordinator inviterer til planleggingsmøte.

-----

## **014/18: Ny ungdomsklubb Alversund**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Ungdomsrådet kjem med innspill til planteikningar. Ungdomsrådet kjem med innspill på korleis ein ser for seg drift/åpningstid for ny ungdomsklubb.

.....

#### **13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

Robert og Morten orienterte om status rundt ny ungdomsklubb i samband med ny barneskule og fleirbrukshall på Alversund.

Ungdomsrådet er opptatt av at klubben blir eksklusiv for ungdom, der utgangspunktet må vere at klubblokalet ikkje disponeras av eksterne. Utbredt sambruk med ulike aktørar har vist seg uheldig andre stader.

Tidligere medlem av ungdomsrådet, Marius Hindenes, informerte om prosessen som låg til grunn når tidligare ungdomsråd anbefalte å legge ny ungdomsklubb inn i fleirbrukshallen.

Driftsmodellen og tankane rundt en ungdomsklubb saman med fleirbrukshallen er etter inspirasjon frå ungdomsklubbene på Radøy og Austrheim. Eit viktig element her er at ungdomsklubben disponera både klubblokala og idrettshallen i opningstida.

Sitjande ungdomsråd deler same oppfatning som tidligare ungdomsråd og legger til grunn at både klubblokalet og idrettshallen er opent eksklusivt for ungdom i ungdomsklubbens opningstid.

### **UR - 014/18 UTTALE:**

Ungdomsrådet er nøgd med planteikningane slik dei føreligg. Ungdomsrådet anbefaler ein drift lik den ein finn på Radøy og Austrheim, dette var utgangspunktet den gang ungdomsrådet gikk inn for ungdomsklubb i samband med fleirbrukshall.

.....

-----

### **015/18: Ny fleirbrukshall Ostereidet**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Ungdomsrådet kommer med innspel på kva behov dei ser i samband med ny fleirbrukshall på Ostereidet.

.....

### **13.03.2018 UNGDOMSRÅDET**

Robert orienterte om kommunens planer om ny fleirbrukshall på Ostereidet og moglighetene for å koma med innspel. Tidligere medlem av ungdomsrådet, Marius, orienterte litt om engasjementet som har vert tidligare.

Ungdomsrådet er veldig nøgd med at det skal byggast ny hall på Ostereidet.

Ungdomsrådet vil at kommunen tar omsyn til at ungdommen må få ein plass i den nye hallen, slik som ein ser det vert gjort i samband med ny barneskule/ungdomsklubb i Alversund.

Ungdomsrådet visar til tidligare medieoppslag og engasjement frå ungdommen i Ostereidet ungdomskulekrins om behov for nye ungdomsklubblokale.

Medlemmane i ungdomsrådet opplever at dagens tilbod på Eknes ligger upraktisk til, med dårlig kollektivtilbod. Eit tilbod for ungdom på Ostereidet i samband med ny fleirbrukshall er derfor ynskjelig.

### **UR - 015/18 UTTALE:**

Ungdomsrådet er positive til ny hall på Ostereidet, og ber om at ein tek inn eget areal til ungdom i planlegginga. Ungdomsrådet vil fremje innspel til byggeprogrammet.

---